

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 131, FA - U01	15/478

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015

## Innspel til nærings- og samfunnsplan Nordhordland

### Vedlegg:

Interkommunal næ

Interkommunal næ (2)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting utan tilråding.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.13. vedtak om å starta arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland.

Styringsgruppa har sendt utkast til interkommunal nærings- og samfunnsplan ut til kommunane for administrativ handsaming og politiske innspel før planen vert lagt ut til offentleg høyring.

Nærings- og samfunnsplanen har mål og strategiar for korleis Nordhordland skal møta venta vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Planutkastet er eit resultat av ein prosess med mange involverte. Tilsette i kommunane, politikarar og næringsliv deltok på «kick-off» for arbeidet, regionrådet har jobba med planen, og styringsgruppa har no lagt fram sitt utkast.

Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen er eigd av kommunane og Regionrådet og skal fungera som eit retningsgjevande verkty for regional næringsutvikling. I heile prosessen har målet for styringsgruppa vore at planen skal bli eit nyttig reiskap som kommunane kjenner seg igjen i, som er relevant og som gjev praktisk hjelp og retning i næringsutviklingsarbeidet.

Frist for innspel frå administrasjonen og formannskapa er sett til 12. juni.

Den offentlege høyringa skal skje i haust og styringsgruppa for nærings- og samfunnsplanen for Nordhordland ønskjer å presentera planen for dei nye kommunestyra, før planforslaget skal handsamast politisk.

### **Konklusjon**

Rådmannen legg utkast til Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland fram til drøfting og mogleg uttale.

### **Formannskapet - 063/2015**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Rådmannen utarbeidar svar kor ein syner til og vektlegg at masfjordsambandet må inni planen og sentrale forhold frå eigen strategisk næringsplan.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Rådmannen utarbeidar svar kor ein syner til og vektlegg at masfjordsambandet må inni planen og sentrale forhold frå eigen strategisk næringsplan.